



Roar Angelskår  
Hodnesdalsvegen 153  
5915 Hjelmås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6990 - 22/81287

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
25.10.2022

## Vedtak om tilskot til drift med taubane - gbnr 197/3 Øvstegård

### VEDTAK:

#### Med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Alver kommune løyver inntil kr 280 000 kr i tilskot til den omsøkte drifta på følgande vilkår:

- Føre-var tiltak nedfelt i Norsk PEFC skogstandard skal følgjast ved drift.
- Når drifta er sluttført skal dyrka mark settast tilbake til den stand ho var i før drifta tok til.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Tilskot blir utbetalt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum.

Det er kommunen som løyver tilskotet, men det er statsforvaltar som avgjer ramma til kommunen. Per dags dato har verken Alver kommune eller Statsforvaltaren i Vestland uteståande midlar til taubanetilskot. Kommunen har fått stadfesting frå Statsforvaltaren i Vestland om at det vil bli sett av midlar til dette prosjektet når det blir tildelt ny ramme til taubanetilskot for 2023.

Denne løyvinga vert gjort med attarhald om at det vert sett av tilstrekkelege midlar til taubanetilskot i 2023.

Det vil ikkje vere mogleg å få utbetalt tilskotet før i februar 2023.

Eventuelt ubrukt løyving vert trekt tilbake, eller det kan gjevast tilleggsloøyving for overskytande kvantum.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

### Saka gjeld

Roar Angelskår har søkt om tilskot på 140,- NOK per m<sup>3</sup> og totalt 280 000,- NOK for avverking ved bruk av tung taubane på over 150 meter på GBNR 197/3 . Drifta er estimert til å avverke ca. 2000 m<sup>3</sup> gran på totalt 28 daa. Arealet er ei bratt lside på vestsida av Hodnesdalen, som ut frå driftstekniske tilhøve bør drivast med taubane. Kart som følgjer søknaden syner at det er planlagt standplass/ veltelass på fulldyrka jord.

## VURDERING:

I NMSK-forskrifta står det: «Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre var-tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder”.

Ifølge landsskogtakseringen står 30% av planta granskog i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med anna arealbruk på dei bratte areala og dei er godt egna til skogbruk. Taubanedrift er ei viktig driftsform for Vestland fylke. Det er viktig at dei få aktørane som driv med dette, har ein økonomi som set dei i stand til å utvikla metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir tatt omsyn til skogens funksjonar med omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området, eventuelt krav om gjennomføring av dei føre var- tiltaka som er nedfelt i Levende Skogs standard/ Norsk PEFC skogstand.

Lågaste alder for å motta tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder (år)	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og bedre	55	+10
G23	60	+12
G20	70	+13
G17	80	+14
G14	90	+16

Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motvirke utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre formål enn landbruksproduksjon.

Relevante databasar som kilden.nibio og naturbase har vorte sjekka for MIS registreringar og andre registreringar av rødlista artar, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv etc., men det er ingenting registrert på eigendommen. Det er heller ingen skogbruksplan for eigedomen, noko som tilseier at området ikkje er kartlagt.

Eftersom det ikkje er utført MIS registrering vert det sett som eit vilkår for å motta tilskot at føre-var rutine etter Norsk PEFC skogstandard vert følgt. Bestanden består av skog på særst høg og høg bonitet. Tiltakshaver har dokumentert alder på 69-73 år ved boreprøver. Dette tilseier at alderskravet er oppfylt. Det vert likevel stilt krav til at skogeigar og entreprenør sørgjer for at alderskravet er oppfylt ved avverking som eit vilkår for å motta tilskot.

Kart som følgjer søknaden syner at det er planlagt å ta ut eit areal på totalt 28 daa ved hjelp av taubane. Like vest for dette arealet er det ein eldre landbruksveg som per i dag har for lav standard til at denne kan brukast til å ta ut tømmer. Det er planar om å oppgradera denne vegen og bruka denne til å ta ut større skogsområder vest og nord for den drifta som her er omsøkt. Om lag 5 daa av det omsøkte området kunne vore tatt ut frå denne vegen, men for resten av lisida har ein ikkje andre reelle alternativ enn taubanedrift. Landbruksavdelinga vurderer at denne drifta ikkje er til hinder for utbygging av vegnettet, sidan at det uansett vil vere store nok område igjen til å forsvare utbetring av vegen på eit seinare tidspunkt. Det vert derfor gjeve løyving på tilskot til avverking av 2000 m<sup>3</sup> som omsøkt.

Tilskotssatsen er 140,- NOK pr m<sup>3</sup> av virke som vert registrert i virkesdatabasen. Løyvd tilskot vert utbetalt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum. Minste beløp for utbetaling er kr 2.000. Ved avslutta drift kan 85 % av omsøkt beløp utbetalast med bakgrunn i produksjonsfil frå hogstmaskin.

### **Regelverk**

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)  
Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr 22/6990

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Roar Angelskår

Hodnesdalsvegen 153

5915

Hjelmås